

## REFERAT FRÅ SOKNEMØTE 07.05.2023.

16 personar var til stades på soknemøtet/årsmøtet etter gudstenesta i Kviteseid kyrkje.

### Saker:

1. Konstituering:

Marit Gotuholt vart vald til ordstyrar. Val av to referentar: Dagfinn Køhn og Sigrun G. Moen.

Maria Skjæveland og Tora Fjalestad vart valde til å skrive under protokollen.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjent.

3. Årsmelding for 2022.

Marit Gotuholt gjekk gjennom nokre hovudpunkt i årsmeldinga.

Kyrkjeverja Kristen Salmelid orienterte om økonomien – drift og investering. P.g.a.

straumrefusjon viser rekneskapen for 2022 eit mindreforbruk. I Kviteseid kyrkje er det installert nye varmeomnar, noko som fører til lågare straumutgifter på sikt. Rekneskapen viser ein tilfredsstillande økonomisk situasjon i soknet.

Soknepresten Møyfrid Lunde orienterte om soknerådet sitt arbeid og gudstenestelivet i soknet.

Som tidlegare var det 52 forordna gudstenester i Kviteseid sokn i 2022. I tillegg var det 2 ekstra gudstenester i Vrådal - innvilga av biskopen etter ekstra søknad med utgangspunkt i førespurnad frå Vrådal. Det har vore ujamnt frammøte på gudstenestene i Kviteseid kyrkje siste året.

Fjågesund har hatt auke.

Knut Ove Lofstad orienterte om trusopplæringsarbeidet.

Kirsti Skjæveland orienterte om arbeidet i diakoniutvalet.

Olav Holm orienterte om dei ulike oppgåvene til organisten.

4. Rekneskap<sup>v</sup>/kyrkjeverja.

Hovudpunkta vart tekne med i samband med årsmeldinga.

5. Budsjett.

Enkel orientering om budsjettet for 2023.

6. Forslag til ny liturgi for familiegodtenester.

Gjennomgang ved soknepresten. Målet for ny ordning: Få fleire til å delta i gudstenestene, skal passe for barn og vaksne. Soknemøtet støtta det framlagde forslaget. Må søkje prost og biskop om å innføre ny ordning.

7. Samtale om arbeidet.

Soknerådsleiar Marit Gotuholt nytta høvet til å takke soknepresten og dei andre i staben for arbeidet dei utfører.